

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 7. februar 2022 kl. 13.00-15.00

Stad: Zoom (lenke i kalenderinnkallinga)

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap) Daniel Jung (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), tre studentrepresentantar

Saksliste

UUI-sak 1/22: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 2/22: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 3: Informasjon til tilsette som skal undervise for første gong	2
Orienteringssak 4: Innrapportering av omsyn til personvern	2
UUI-sak: 3/22 Drøftingssaker	2
Drøftingssak 1: Evaluering av mandatet for fagkoordinatorar ved LLE	2
Drøftingssak 2: Oppfølging av bestillingar til fagmiljøa.....	2
Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver	2
UUI-sak 4/22: Ymist.....	3

UUI-sak 1/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 2/22: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Vedlagt. Godkjent på sirkulasjon etter førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Orienteringssak 3: Informasjon til tilsette som skal undervise for første gong

LLE har laga ei nettside som ressurs til dette formålet. Det er viktig at nytilsette får informasjon og oppfølging i fagmiljøet sitt når dei skal undervise ved UiB for første gong. Det ligg nok ein del taus kunnskap som ikkje alle kjem på å spørje om når dei lurar, og ved nokre utdanningsinstitusjonar i utlandet kan emneansvarleg ha full styringsrett over både innhald og vurderingsformer til dømes.

<https://w3.uib.no/nb/lle/137226/informasjon-til-ansatte-som-skal-undervise-f%C3%B8rste-gang>

Heming orienterer.

Orienteringssak 4: Innrapportering av omsyn til personvern

Ein del master- (og bachelor)studentar vel prosjekt der dei samlar inn data gjennom mellom anna informantar. Slike prosjekt må vi rapportere inn etter særlege rutinar for å sikre at personopplysingar er korrekt handterte. Heming orienterer.

UUI-sak: 3/22 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Evaluering av mandatet for fagkoordinatorar ved LLE

Mandatet for fagkoordinatorane blei innført i 2021. No skal mandatet evaluerast. Heming innleier.

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/fagkoordinator_lle_mandat.pdf

Drøftingssak 2: Oppfølging av bestillingar til fagmiljøa

Fagmiljøa har fått ulike bestillingar frå instituttleiinga. Korleis har desse blitt følgt opp? Vi har hatt dialogmøte med nokre fagmiljø, og planlegg møte med fleire no utover våren. Heming innleier.

Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver

Vi bør få på plass ein rutine for innlevering av masteroppgåver. Mellom anna må rettleiar stadfeste at dei er kjende med at kandidaten skal levere inn. Slik kan vi kanskje unngå at kandidatane får dårleg resultat eller stryk grunna innlevering som ikkje er kvalitetssikra. Heming innleier.

UUI-sak 4/22: Ymist